

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

<b>Dato</b>	10.01.2023
<b>Vår referanse</b>	2022/96202-3
<b>Dykkar referanse</b>	21/4903 – 22/90084
<b>Sakshandsamar</b>	Lillian Bakke Byrknes
<b>E-post</b>	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
<b>Teléfono</b>	45638702

## **Motsegn - offentleg ettersyn - detaljreguleringsplan for Lonena aust - gnr. 185 bnr. 278 m fl. - Planid 46312021003 - Alver kommune**

Vi viser til brev mottatt 30.11.2022 om offentleg ettersyn og høyring for detaljreguleringsplan for Lonena Aust, gnr. 185 bnr. 278 mfl. Alver kommune med planID 46312021003. Frist for merknad er 13.01.2023.

Vestland fylkeskommune som samferdslemynde fremjar motsegn til planforslaget. Motsegna er knytt til vår rolle som forvaltar av fylkesveg, med ansvar for mellom anna trafikktryggleik og framkome på vegnettet.

### **Vi fremjar motsegn til desse punkta:**

- Planframleggset sikrar ikkje at dagens kryss mellom fv. 57 og Juvikstølen vert utbetra før det kan gjevast igangsetjingsløyve til bustadar innanfor planområdet.
- Det er ikkje sendt inn søknad om signalanlegg for krysset mellom fv. 57 og Juvikstølen.

### **Uttale**

Vi legg til grunn føringar i regionale transportplanar, vegnormalar til Statens vegvesen og Rammeplan for avkøyrsle og byggengrenser langs fylkesveg i vår uttale. Nasjonal transportplan (NTP), statelege planretningsliner for samordna bustad-, og areal-, og transportplanlegging gir også føringar for våre vurderinger.

Lindås kommune vedtok områdeplan for Lonena, planID 1263201610, i 2019. Områdeplanen har ikkje tatt høgde for tilkomst til overordna vegnett, men legg rammer for at dette skal regulerast før ei eventuell utbygging innan områdeplanen og for annan utbygging langs Lonsvegen. Planen gjev ikkje konkrete føringar for kor mange bustadar som kan byggast, medan rekkefølgjekrav i føresegnd 6.4 i områdeplanen for Lonena legg opp til eit utbyggingsvolum på inntil 500 nye bustadar innanfor områdeplanen og langs Lonsvegen.

Detaljreguleringsplan for Lonena aust har mål om å legge til rette for bustadar, i tråd med områdeplanen for Lonena. Reguleringsplanen svarar også ut krav i områdeplanen til utbetring av kryssa fv. 57 Lindåsvegen – kv. Juvikstølen (planflate 2) og E39 Osterfjordvegen – Lonsvegen (planflate 3).

Kapasiteten i krysset med fv. 57 er allereie overskriden, og det er difor sett på løysingar for utbetring av kryssområdet. Ein har vurdert at signalregulering og fullkanalisering av krysset kan ein auke kapasiteten noko (ca 10-15%), og det er dette reguleringsplan for planflate 2 skal løyse. Planflate 2 legg og rammer for at busslommer langs fv. 57 vert utbetra, og ein søker å legge forholda betre til rette for myke trafikantar som skal til skule eller idrettsanlegg inne ved Juvikstølen.

Punkt 6.4.4 for områdeplanen legg opp til at det vidare kan vurderast regulering og bygging av fleire enn 500 bustadar, dersom oppdatert trafikkanalyse viser at det er forsvarleg.

Trafikkanalysen ved dette planframlegget konkludera med at kapasiteten i praksis er fullt utnytta i krysset til fv. 57 etter utbygging av 500 bustader. Likevel vert det i ny trafikkanalyse konkludert med at det er forsvarleg med bygging av inntil 570 bustader, og at det først ved utbygging ut over dette må ein sjå på løysingar som legg til rette for at delar av trafikken vert kanalisert om E39.

Vi meiner dette ikkje er i samsvar med det som var avklart gjennom planarbeidet for områdeplan Lonena. Dersom denne planen vert godkjent, og det vert bygd 570 bustader her, så vil dette til dømes gå på kostnad av bygging nord for fv. 57. Vi meiner fv. 57 skal vere avlasta med tunnel mellom Isdalstø og Knarvik før ein eventuelt kan vurdere auka utbygging ut over 500 bustader innanfor Lonena.

#### Kryss til fv. 57 og føresegns

Vi meiner føresegna til detaljreguleringsplanen ikkje sikrar at dagens kryss til fv. 57 vert utbetra før det kan gjevast igangsetjingsløyve til bustadar innanfor planområdet.

§ 7.2 bokstav f) i føresegna seier før løyve til igangsetting av byggearbeid (IG)

*«skal krysset fv. 57 Lindåsvegen – Juvikstølen (planflate 2) vere ferdig opparbeida eller sikra opparbeida før IG kan gis for planflate 1. Kravet reknast som oppfylt dersom tiltakshavar har inngått utbyggingsavtale med aktuelle offentlege aktørar, og oppfylt sine pliktar til gjennomføring av tiltaket i samsvar med avtalen.»*

Vi viser til føresegns 6.4.1 for områdeplanen for Lonena som seier;

*«Før det kan gjevast igangsetjingsløyve for bustader innanfor områdeplanen, må lyskrysset FV57 Lindåsvegen – Juvikstølen vere ferdig opparbeida.»*

Vi meiner føresegns frå detaljreguleringsplanen ikkje er tydeleg nok og ikkje i samsvar med føresegns for områdeplanen. Krysset til fylkesveg 57 må vera ferdig opparbeidd før det kan gjevast i igangsetjingsløyve for bustadar i planområdet. Dette er for å sikre at krysset toler auken i trafikk og for å sikre trygg ferdslle for mjuke trafikantar i området. Det er og uheldig om til dømes utbetring av kryssområdet drar ut i tid og bustadene vert innflyttingsklare før krysset er opparbeidd. Utbygging av bustader vil også generere anleggstrafikk inn og ut av området.

Difor må ordlyden «eller sikra opparbeida før IG kan gis for planflate 1» takast ut av føresegns § 7.2 bokstav f), og det det må komme tydeleg fram at krysset skal vera ferdig opparbeida før det vert gjeve løyve igangsetjing til bustadar.

**Vi har motsegn til dette punktet.**

#### Signalanlegg

Det er eit skal krav i N303 Trafikksignaler om at søknad om vedtak av signalregulering skal vera sendt inn seinast når planen vert lagt ut til offentleg høyring. I denne saka skal søknad om signalanlegg sendast til Vestland fylkeskommune for vidare handsaming i Vegdirektoratet. Søknaden skal mellom anna sikre at det vert sett av tilstrekkeleg areal i kryssområdet for at signalregulering kan gjennomførast slik det er vist i reguleringsplanen.

**Vi har ikkje mottatt søknad og har motsegn til dette.**

#### Fråvikssøknadar

Søknadar om fråvik skal vera avklart med rett mynde før reguleringsplan vert sendt på høyring. Vi har mottatt fråvikssøknadar samstundes som reguleringsplanen vart lagt ut på høyring. Fråvikssøknadene gjeld for linjeføring i kryss med fylkesveg 57 og for utforminga av busshaldeplassar langs fylkesvegen. Fråvikssøknadene er førebels vurdert som mangelfulle og returnert til søker.

#### Andre merknader

Det er vist ei avkøyrslepil ved kryssområdet til fv. 57, over fortau o\_FO9. Vi meiner det er uheldig å vidareføre avkøyrsle som er plassert nær så fylkesvegen. Det vidare planarbeidet bør vurdere ei anna løysing for avkøyrsle til bustad.

#### Oppsummert

Vestland fylkeskommune som samferdslemynde fremjar motsegn til detaljplan for Lonena aust. Vi meiner at planframlegget ikkje i tilstrekkeleg grad tek omsyn til trafikktryggleiken i området og framkome på fylkesvegen. Vi meiner at planen legg opp til fleire bustader enn det områdeplanen for Lonene legg opp til. Kapasiteten i krysset er allereie fullt utnytta, og løysing med signalanlegg og fullkanalisering av krysset vil berre auke kapasiteten i mindre grad.

Det er ikkje sendt inn søknad om signalanlegg, og dette er ein mangel ved planarbeidet. Vi kan ikkje i tilstrekkeleg grad vurdere om det er satt av nok areal i planen til utbetring av kryssområdet.

Føresegn § 7.2 bokstav f) er ikkje utforma tilstrekkeleg for å sikre rekkefølgjekrav om at krysset skal vere ferdig opparbeidd før det vert gjeve løyve til igangsetjing av nye bustader innanfor planområdet. Føresegna må endrast slik at kryss til fv. 57 skal vera ferdig opparbeidd før det vert gjeve igangsetjingssløyve til bustadar.

Vi meiner at motsegnspunkta kan løysast dersom ordlyden i føresegn § 7.2 bokstav f) vert endra og søknad om signalanlegg vert sendt inn.

Med helsing

**Dina Lefdal**  
avdelingsdirektør

**John Martin Jacobsen**  
seksjonssjef

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Kopi til:

STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2